Sokneprest i Hardanger og Voss prosti med Vikøy sokn (Norheimsund) og Strandebarm sokn som tenestestad.

VELKOMEN SOM PREST I FAGRE KVAM I HARDANGER!

Kvam herad femner om eit vakkert landskap frå Hardangerfjorden til Kvamskogen. Heradet har om lag 8500 innbyggjarar, og 80% er medlemer i DNK. Informasjon om geografi, kultur, næringsliv og heradet i det heile finn ein på https://www.kvam.no/velkomen-til-kvam/.

Heradet har 4 sokn: Strandebarm, Vikøy, Øystese og Ålvik, med kvar sine soknekyrkjer. Sokna samarbeider m.a. gjennom fellesrådet og jamlege fellessamlingar.

Vikøy sokn har om lag 2800 innbyggjarar og femner om kommunesenteret i Kvam. Her ligg Norheimsund kyrkje. Det er ei arbeidskyrkje frå 1989. Også Vikøy kyrkje (1838) ligg i soknet. Dei aller fleste gudstenestene er i Norheimsund kyrkje og vigslene og gravferdene er i hovudsak frå Vikøy kyrkje. Det er god oppslutnad om gudstenestene i Vikøy sokn.

I Vikøy sokn er det møtepunkt for ulike aldersgrupper. Det er diakonale tiltak som til dømes føremiddagstreff for eldre, kyrkjeklubb for menneske med nedsett funksjonsemne og sorggruppe. For borna er det ulike trusopplæringstiltak, blant anna ein Vennefest i oktober. Fleire av tiltaka er eit samarbeid mellom sokna i Kvam. Vikøy sokn har ein eigen kulturkomitè som arrangerer kulturkveldar i regi av soknet og også i samarbeid med andre organisasjonar. Norheimsund kyrkje vert ofte nytta til større tilskipingar for heile Kvam.

Sør i Kvam herad ligg Strandebarm sokn, med om lag 1600 innbyggjarar. Strandebarm kyrkje er ei tradisjonell langkyrkje med 400 sitjeplassar. I 2013 vart eit nytt kyrkjesenter vigsla. Det ligg tett attmed kyrkja og er lagt til rette for allsidig bruk. Her er også eit kontor. Soknet har eit folkekyrkjeleg preg, med fleire mindre bedehusforsamlingar, og med høg oppslutnad om trusopplæringa og kyrkjelege handlingar. I 2026 feira kyrkja 150-årsjubileum med stor oppslutnad om jubileumshelga.

(Både Norheimsund kyrkje og Strandebarm kyrkje er mykje nytta til konsertar.)

Det er sett i gang eit arbeid med revisjon av dei lokalkyrkjelege planane med tanke på innfasing i det digitale verktøyet «Kirka vår». Dette arbeidet gjeld for heile fellesrådsområdet.

Kyrkjelege stillingar i fellesrådsområdet: 2 soknepresta (for tida er ei av stillingane PUU-stilling), kyrkjeverje, 2 kyrkjemusikarar, kateket, kyrkjelydspedagog, konfirmantmedarbeidar, sakshandsamar og kyrkjegardsarbeidarar. Det er ønskt å få diakonstilling. Soknepresten i Samnanger er involvert i tenesteveketurnusen. Dei kyrkjeleg tilsette har kontor i Norheimsund kyrkje. Vi legg vekt på samarbeid, openheit og eit godt arbeidsmiljø, og har verdiane «Tryggleik, Tillit og Tolmod» som grunnlag for arbeidet vårt.

Prestane i Kvam samarbeider om tenestene i fellesrådsområdet etter halvårige planar med gudstenester, tenesteveker og beredskapsveker der heile prostiet er beredskapsområde. Prestane har tyngda av gudstenester i sine eigne sokn. Det er om lag 105 gudstenester, 75 gravferder, 25 vigslar, 75 konfirmantar og 60 dåp i året i Kvam. Soknepresta sit i sine respektive sokneråd, og vekslar om å vere geistleg representant i fellesrådet og heradet sitt psykososiale kriseteam. Kateketen har hovudansvaret for konfirmantundervisninga, men prestane tek del i denne i sokna sine. Ein høg prosentdel av borna blir døypte og konfirmerte og tek del i trusopplæringstiltak. Det er eit godt og etablert samarbeid med skular og barnehager i kommunen. Ansvaret for institusjonane følgjer soknegrensene, med Toloheimen og Tolo Omsorg i Norheimsund og Strandebarm Omsorg i Strandebarm.

Soknepresten går inn i eit breitt samansett fagleg team og deltek i stabsmøte, arbeidsmøte og planleggingsmøte.

Vikøy og Strandebarm sokn har noko ulikt preg og profil. Men det er sams at ein ønskjer å satse på gudstenesteliv for alle aldrar, trusopplæring, diakoni, kyrkjemusikk og varierte kulturuttrykk. Sjå elles: www.kyrkja.no/kvam.

Prosten leier prestetenesta i prostiet. Prestane vert kalla inn til jamlege samlingar for fagleg påfyll, åndeleg fellesskap og sosialt samvære.

Målforma er nynorsk. Søkjarar må opplysa om ein nyttar begge målformer. Søkjar må disponera bil. Ver merksam på at opplysningar om søkjarane kan verta offentleggjorde sjølv om søkjarane ber om å bli unnateke offentleg søkjarliste. Den som vert tilsett må visa tilfredsstillande politiattest (barneomsorgsattest).

...

Vi tilbyr: (dette må kvalitetssikrast!!!)

- Støttande arbeidsmiljø/engasjerte kollegaer
- Stillingskode 1555 sokneprest etter KA sitt tariffområde
- Pensjonsinnskudd i KLP
- Reiseutgifter godtgjort etter gjeldande regulativ
- til løna kjem særskilde regulativmessige godtgjersler
- Arbeidsveiledning (ABV) og gode moglegheiter for kompetanseutvikling

(Me føreslår at denne under malen vert brukt, men her må prost fylle inn...)

Arbeidsoppgåver

-

Kvalifikasjonar

- Cand.theol. med praktikum eller tilsvarende/master i teologi og praktikum
- Medlem i Den norske kirke

Personlege eigenskapar

- *Motivert til å vere med å byggje kyrkjelyden og synleggjere kyrkja i lokalsamfunnet*
- *Inkluderande og trygg i møte med menneske i alle aldrar*
- *Evne og vilje til å rekruttere og følgje opp frivillige medarbeidarar*
- *Evne til å samarbeide breidt*
- *Søkjar må kunne samarbeide liturgisk med kollegaer uavhengig av kjønn eller teologisk usemje*
- *Personlege eigenskapar vil bli vektlagde*